



Villanger og Sønner Att. Rune Kristoffersen
Kvassnesvegen 45
5914 ISDALSTØ
Att. Rune Kristoffersen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1937 - 14/5377

Saksbehandlar:

Nina Bakanova

Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:

10.03.2014

Løyve til tiltak - etablering av ny bustad Gbnr 39/11 Hodnekvam

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Kommunen godkjenner søknad om endring av løyve mottatt 03.03.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Endringa går ut på yttermålene og areal på bustad på Gbnr 39/11.

Løyvet gjeld endring av løyve til tiltak gjeve 20.01.2014 i sak 2013/3664. Følgjande tidligare dokumentasjon går ut som følgje av endringsløyvet:

1. Situasjonsplan av 14.11.2013, motteken 06.12.2013
2. Snitt A-A,B-B, C-C og D-D, motteken 06.12.2013.
3. Fasadeteikningar vedlegg A05+ og A05-, motteken 06.12.2013.
4. Planteikningar vedlegg A01+, motteken 06.12.2013.

Før bruksløyve kan gjevast, må avkjørsel, veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg vera opparbeidd, jf. pbl § 18-1.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Ansvarsrettar godkjent i den opphavlege søknad vert gjort gjeldande også for dette tiltak.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Nordbohus AS	S	PRO 1 Bustad og fundament PRO 1 Bustadplassering i terreng
Stendal VVS AS	S	PRO 1 Utvendig minirensanlegg, påkobling av borehol og innvendig sanitæranlegg UTF 1 Utvendig og innvendig sanitær installasjonar
Flexit AS	S	PRO 1 Ventilasjonssystem
Sotra Takstol AS	S	PRO 1 Takverk
E.Nyheim anleggsservise	S	UTF 1 Grunnarbeidar UTF 1 Riving av eksisterande bygg
Alfred Mjelde	L	UTF 1 Fundament
Villanger & Sønner AS	S	SØK 1 Ansvarleg søkjar UTF 1 Tømrar- og ventilasjonsarbeidar
Lindås kommune geodata	L	UTF 1 Plassering av bustad
Majo Eigedom AS	L	U.KONT 1 Våtrom og lufttetthet

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Søknaden gjeld etablering av ny bustad på Gbnr 39/11. Samla BYA er 104,5 m².

Det er gjeve dispensasjon i PMU 08.10.2013 for riving av hytte og oppføring av bustad i LNFR-område.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

I medhald av reglane i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd blir det gjeve fritak for varsling til naboar, sidan det kom ikkje inn merknadar i første runde med varsling samt at no vert tiltaket mindre men likevel i same stil.

Uttale frå andre mynde

Statens vegvesen har gjeve løyve til å nytta eksisterande avkjørsle frå offentleg veg og har gjeve dispensasjon frå byggjegrensa langs fv 397. Kommunen har gjeve løyve til omdisponering av eit areal på 150 m² etter jordlova, for å byggja veg fram til eigedom.

Plangrunnlag

Eigedom vert omfatta av arealdelen av kommuneplanen vedtatt 22.09.2011 og ligg i LNFR område med særleg omsyn på landbruk.

Veg og tilkomst

Avkjørsla skal opparbeidast slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal 017 med tilhøyrande handbøker. Det vert blant anna sett krav til utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein kan snu på eigen grunn. Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no og www.vegvesen.no

Uteopphaldsareal og parkeringsløyseringar

Administrasjonen finn at uteopphaldsareal og parkeringsløyseringar på eigedomen er tilfredsstillande.

Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering og høgdeplassering

Høgdeplasseringa vert godkjent til kote + 45,2 OK golv, jf pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 3, jf standarden "Plassering og beliggenhetsk kontroll".

Tiltaket si plassering skal koordinatutrekna, før utsetting av hushjørner på tomte.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Vatn- og avlaup

Det er planlagt vassforsyning frå eige borehol (vist på situasjonskart sendt inn 17.01.14).

Det skal dokumenterast at drikkevassforsyninga er hygienisk trygg og at det er tilstrekkeleg kapasitet til drikkevassforsyning før det gjeve bruksløyve/ferdigattest.

Det er søkt om utslepp på eigedomen. Dette vert handsama i eige vedtak.

Oppsummering og konklusjon

- Ut frå ei samla vurdering finn administrasjonen å kunne gå inn for det omsøkte tiltaket på dei vilkår som er angitt i løyve. Endringane skal utførast i samsvar med teikningar og boligspesifikasjon, motteken 03.03.2014.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ for 2014. Etter administrasjon sin vurdering vert det gjeve 75 % reduksjon av gebyr, sidan prosjektet planleggjast på same måte som tidligare innsendt søknad og gjeld berre mindre endringa på bustad.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2b Ny bueining		3.250,-
Totalt gebyr å betala		3.250,-

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Nina Bakanova
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eystein Sande og Kristine
Hodnekvam

Sandevegen 424 5977

ÅNNELAND

Mottakarar:

Villanger og Sønner Att. Rune
Kristoffersen

Kvassnesvegen 45 5914

ISDALSTØ